

Prinsippnote til løyvingssrapporteringa for fonda i NPE

Årsrekneskapar for statlege fond er utarbeidde og avlagde etter nærare retningslinjer fastsette i reglar om økonomistyring i staten («bestemmelsene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.6 og rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av november 2016, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå andre midlar staten har, og der bruken er bunden til eit nærare fastsett formål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Inneståande på oppgjerskonti blir overførte til nytt år.

Løyvingssrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen i fondet og likvidrørslar på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank.

Alle finansielle egedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, kjem fram i nedre delen av oppstillinga.

Fondet for offentleg helseteneste er utelukkande samansett av statlege midlar, og staten disponerer difor midlane i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet førast både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (egedelar) i kontogruppe 64.

Fondet for privat helseteneste er eit fond som staten har rett til å disponere, men som ikkje skal aktiverast som egedel i kapitalrekneskapen til staten. I kapitalrekneskapen skal dette fondet førast under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, men ikkje under ordinære fond (egedelar) i kontogruppe 64.

Prinsippnote til rekneskapen for fonda i NPE

Fondsrekneskapane

Fondsrekneskapane tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapane er utarbeidde etter eit tilpassa kontantprinsipp.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er skilnaden mellom overføring *til* og overføring *frå* fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga.

Det ligg ikkje føre ei kontantstraumoppstilling (kontanthovudbok) for fonda. NPE legg likevel til grunn ei form for eit kontantprinsipp for resultatoppstillinga av fonda. Utgangspunktet for resultatoppstillinga er råbalansen for fonda ved utgangen av året. I råbalansen kjem alle summar som er bokførte i rekneskapen fram. Fordringar og plikter blir handterte som om dei var

resultatkonti. I resultatoppstillinga fører vi difor endring i løpet av året og ikkje inneståande. På denne måten tek vi omsyn til kontantprinsippet. Resultatet for fonda tilsvarar auken i fondskapitalen.

Resultatoppstillingane er sette opp etter følgjande prinsipp:

- a) Tilskot og regress tilsvarar bokførte krav om innbetaling.
- b) Erstatningsutbetalingar tilsvarar bokførte utbetalingar.
- c) Dekning driftsutgifter – privat helseteneste tilsvarar kontante utbetalingar frå fondet.
- d) Endringar i plikter og fordringar (tilskot eller regress) i løpet av året kjem fram på separate linjer under utgiftsposten Anna, saman med konstaterte tap på fordringar.
- e) Inneståande på fordringar og gjeld blir rekna mot fondskapitalen for å kome fram til (kontantkorrigert) fondskapital.

Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste

Fondet finansierer utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentlig helseteneste.

Driftsutgiftene i offentlig helseteneste blir finansierte gjennom ordinære løyvingar over statsbudsjettet. NPE får tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjetttrammene for drifta.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølv dekkje utgiftene til erstatningar for skadar som har oppstått etter behandling organisert innanfor områda sine.

NPE utarbeider overslag over årlege erstatningsutbetalingar for kvart av områda, og varslar aktørane i framkant av budsjettåret om venta erstatningsutbetalingar. Prognosane blir oppdaterte gjennom budsjetterminen. Trur ein at det blir vesentlege avvik, skal NPE sende ut korrigerende opplysingar og gjere nødvendige endringar i tilskota i budsjetterminen.

I samsvar med Instruks for fond for pasientskadeordninga offentlig helseteneste, skal dei regionale helseføretaka innbetale årlege tilskot til NPE i fire terminar.

Ved avvik mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar i budsjetterminen, gjer NPE ei avrekning det neste budsjettåret.

Fordelinga av det samla tilskotet frå dei regionale helseføretaka baserer seg på ein fem års løpande skadestatistikk tillagd skadeavsetjingar for det enkelte regionale helseføretaket. Fordelinga av tilskot frå fylkeskommunar og kommunar blir basert på innbyggjartalet.

NPE krev inn eigendel frå helseføretaket der skaden skjedde. Eigendelen utgjer 10 000 kroner plus 10 prosent av overskytande sum per skadetilfelle, avgrensa opp til 100 000 kroner. NPE krev ikkje inn eigendelar frå kommunar eller fylkeskommunar.

Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste

Oppstilling av løyvingsrapportering, 31.12.2018

Innestående rapportert i likvidrapport	2018
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	7 812 761,71
Endringar i perioden	125 876 240,00
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	133 689 001,71

Innestående rapportert til kapitalrekneskapen (31.12.2018):

Konto	Tekst	2018	2017	Endring
640701	Opgjerskonto i Noregs Bank	133 689 001,71	7 812 761,71	125 876 240,00
810701	Fondskapital	- 133 689 001,71	- 7 812 761,71	- 125 876 240,00

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Driftsutgiftene i offentlig helseteneste blir dekte over den ordinære driftsbevilgninga til NPE på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Utgifter pasientar har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11 blir dekte over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet får ikkje løyvingar over statsbudsjettet.

Resultatoppstilling	Note	2018	2017
<i>Overføringer til fondet:</i>	1, 2		
<i>Tilskot frå statlege verksemdar</i>	3	915 224 147	719 137 930
<i>Tilskot frå fylkeskommunar</i>		889 565	4 119 648
<i>Tilskot frå kommunar</i>		132 384 755	124 415 953
Sum overføringer til fondet		1 048 498 467	847 673 531
<i>Overføringer frå fondet:</i>			
<i>Erstatningar</i>	4	924 499 994	910 692 560
<i>Anna</i>	5	- 1 877 767	- 3 796 342
Sum overføringer frå fondet		922 622 227	906 896 218
Resultat for perioden	6	125 876 240	- 59 222 687
<i>Disponering:</i>			
<i>Overføring av resultat for perioden til fondskapital</i>	7	- 125 876 240	59 222 687
Balanseoppstilling	Note	2018	2017
<i>Eigedelar:</i>			
<i>Oppgjerskonto i Noregs Bank</i>	8	133 689 002	7 812 762
Sum eigedelar		133 689 002	7 812 762
<i>Fondskapital og plikter:</i>			
<i>Opptent fondskapital</i>	9	133 689 002	7 812 762
Sum fondskapital og plikter		133 689 002	7 812 762

1. Endringar i fordringar som tidlegare låg under Overføringer til fondet er no er plasserte under samleposten Anna, sjå note 5. Tala for 2017 er omgrupperte i samsvar med dette.
2. Tilskot blir kravd inn i samsvar med prognose for erstatningsutbetalingar frå NPE og er justerte for avrekning mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar i 2017.
3. Summen inkluderer krav om eigedelar frå helseføretaka der skadane skjedde, jf. tabell under.

Posten Tilskot frå statlege verksemdar	2018	2017
Ordinære tilskot frå regionale helseføretak	876 259 629	683 200 234
Eigendel frå helseføretak	38 964 518	35 937 696
Totalt	915 224 147	719 137 930

4. Dekning av erstatningar i saker der staten har eit særskilt ansvar, som vaksineskadesaker, blir løyvde over kap. 741, post 71 Særskilte tilskot. Praksis i 2017 var at desse midlane fyrst blei utbetalte frå fondet for offentleg helseteneste for så å bli omposterte og belasta post 71. Ved årsslutt i 2017 blei ved ein feil ikkje alle erstatningsutbetalingane overførte frå fondet til post 71. Dermed blei fondet med urette belasta med 4,7 millionar kroner i 2017. Fyrst i 2018 blei erstatningsutbetalingane frå 2017 belasta post 71 og fondet redusert tilsvarande. Summen for erstatningar her avvik noko frå tilsvarande tal i årsrapporten elles. Dette skuldast at summene i andre delar av årsrapporten er henta frå saksbehandlingssystemet, medan summen her er henta frå rekneskapsystemet (råbalansen).

5. Summen inkluderer transaksjonskostnader og konstaterte tap på krav. Summen inkluderer òg utgiftsføring av endringar i balansepostane kundefordringar og leverandørplikter frå inngangen til perioden. Slik tek vi omsyn til kontantprinsippet, jf. tabell under.

Posten Anna	2018	2017
Bank og kortgebyr	1 320	1 421
Tap på fordringar	644 209	-
Endring i fordringar frå inngangen til perioden*	- 2 523 306	- 3 815 178
Endringar i plikter frå inngangen til perioden	10	17 415
Totalt	- 1 877 767	- 3 796 342

* Merk: Posten Endringar i fordringar har tidlegare blitt ført på eiga linje under Overføringar til fondet. Av praktiske og tekniske grunnar blir no all utgiftsføring av balansepostar ført under samleposten Anna. Tala for 2017 er omgrupperte i samsvar med dette.

6. Auken i resultatet for fondet skuldast at prognosen for erstatningsutbetalingar, som låg til grunn for innkrevinga av tilskot, var høgare enn det som blei faktiske erstatningsutbetalingar i 2018. Det vil bli korrigert for dette avviket ved utrekning av tilskot for 2019.
7. Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen.
8. Summen tilsvarar inneståande på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen.
9. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet for perioden er lagt til opptent fondskapital i året før.

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

Fondet skal finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Fondet skal òg dekkje driftsutgifter knytte til saksbehandling i Norsk pasientskadeerstatning og Helseklage og utgifter pasientar har til advokatar.

Aktørane i privat helseteneste skal dekkje utgiftene knytte til pasientskadesaker innanfor området sitt. Aktørane har plikt til å betale tilskot til NPE til dekning av alle venta framtidige utgifter knytte til skadar som har skjedd i det aktuelle året. NPE administrerer tilskotsordninga.

Tilskotssatsane er fastsette i forskrift. Dei blir utrekna mellom anna ut fra skadeførekost, skadeomfang og erstatningsutbetalingar innanfor dei ulike helsepersonellgruppene.

For å sikre at ordninga blir finansiert av dei private helseaktørane, vil det over tid vere behov for å justere tilskotssatsane. Tilskotssatsane som ligg til grunn for rekneskapen for 2018 blei fastsette i forskrift som tredde i kraft 01.01.2016, og inneber ein auke i satsane frå 2017 til 2018. Tilskota blir inntektsførte på fondet for privat helseteneste. Driftsutgiftene for privat helseteneste, inkludert dekning av advokatutgifter, blir løyvd teknisk over dei ordinære driftsbudsjetta i NPE og Helseklage, og blir motsvarte av ei inntektsløyving på eigen inntektspost. Inntektene blir dekte inn ved utgiftsføring (belastning) på fondet for privat helseteneste.

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

Oppstilling av løyvingrapportering, 31.12.2018

Innestående rapportert i likvidrapport	2018
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	52 405 647,03
Endringar i perioden	27 634 177,01
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	80 039 824,04

Innestående rapportert til kapitalrekneskapen (31.12.2018):

Konto	Tekst	2018	2017	Endring
810702	Fondskapital	- 80 039 824,04	- 52 405 647,03	- 27 634 177,01

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Driftsutgiftene for privat helseteneste, inkludert dekning av advokatutgifter, blir løyvd teknisk over den ordinære driftsløyvinga til NPE på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Driftsutgiftene blir finansierte ved ei overføring frå fondet som blir inntektsført på inntektsposten til NPE kap. 3741, post 50. Fondet får ikkje løyvingar over statsbudsjettet.

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

Resultatoppstilling	Note	2018	2017
<i>Overføringar til fondet:</i>	1		
<i>Tilskot frå private helseaktørar</i>	2	99 511 692	94 543 014
<i>Regress frå private helseaktørar</i>	3	889 790	5 615 236
Sum overføringar til fondet		100 401 482	100 158 250
<i>Overføringar frå fondet:</i>			
<i>Erstatningar</i>	4	44 202 718	28 132 330
<i>Dekning driftsutgifter NPE</i>	5	25 344 684	21 226 190
<i>Dekning driftsutgifter Helseklage</i>	6	5 280 000	3 798 000
<i>Anna</i>	7	- 2 060 097	4 315 821
Sum overføringar frå fondet		72 767 305	57 472 341
Resultat for perioden	8	27 634 177	42 685 909
<i>Disponering:</i>			
<i>Overføring av resultat for perioden til fondskapital</i>	9	- 27 634 177	- 42 685 909
Balanseoppstilling	Note	2018	2017
<i>Eigedelar:</i>			
<i>Oppgjerskonto i Noregs Bank</i>	10	80 039 824	52 405 647
Sum eigedelar		80 039 824	52 405 647
<i>Fondskapital og plikter:</i>			
<i>Opptent fondskapital</i>	11	80 039 824	52 405 647
Sum fondskapital og plikter		80 039 824	52 405 647

1. Endringar i fordringar som tidlegare låg under Overføringar til fondet er no er plasserte under samleposten Anna, sjå òg note 7. Tala for 2017 er omgrupperte i samsvar med dette.
2. Tilskotsauken frå 2017 til 2018 skuldast hovudsakleg auka tilskotssatsar, men òg ei mindre auke i tilmelde årsverk.
3. I saker der NPE har utbetalt erstatning og verksemda ikkje har betalt tilskot, kan NPE krevje regress. Både erstatningssummen og utgiftene til å saksbehandle kravet kan då krevjast inn. NPE har i 2018 kravd regress i 15 saker, mot 54 saker i 2017.
4. Summen for erstatningar her avvik noko frå tilsvarende tal i årsrapporten elles. Dette skuldast at summene i andre delar av årsrapporten er henta frå saksbehandlingssystemet. Summen her er henta frå rekneskapssystemet (råbalansen).
5. Driftsutgiftene er belasta fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris på kor mykje det kostar å behandle ei sak i NPE. Advokatutgifter er inkluderte i driftsutgiftene.
6. Driftsutgiftene er belasta fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris på kor mykje det kostar å behandle ei sak i Helseklage.

7. Summen inkluderer tap på krav, renteinntekter og transaksjonskostnader. Summen inkluderer òg utgiftsføring av endringar i balansepostane fordringar og plikter frå inngangen til perioden, for å ta omsyn til kontantprinsippet, jf. tabell under.

Posten Anna	2018	2017
Transaksjonskostnader	2 184	1 262
Renter	- 530 792	- 262 108
Tap på fordringar	1 157 473	785 073
Endring i fordringar frå inngangen til perioden*	- 2 688 960	3 887 462
Endringar i plikter frå inngangen til perioden	1	- 95 869
Totalt	- 2 060 097	4 315 821

* Merk: Posten Endringar i fordringar har tidlegare blitt ført på eiga linje under Overføringar til fondet. Av praktiske og tekniske grunnar blir no all utgiftsføring av balansepostar ført under samleposten Anna. Tala for 2017 er omgrupperte i samsvar med dette. Reduksjonen i resultatet for fondet skuldast i hovudsak høgare erstatningsutbetalingar og høgare belastning av driftsutgifter frå NPE og Helseklage. Auka driftsutgifter er primært ein konsekvens av høgare driftsutgifter per sak i NPE og Helseklage.

8. Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen.
9. Summen tilsvarar inneståande på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen.
10. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet for perioden er lagt til opptent fondskapital i året før.